



Eikeelva er ei viktig vaskjelde for bygda av fleire grunnar

NVE har no avvist to klager på vedtaket om utbygging av Eikeelva Kraftverk og sendt saka til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd. NVE kan ikkje sjå at nokon av klagene gjev grunnlag for å endra vedtaket frå april i fjor om å akseptera kraftverkplanane. Kraftverket vil produsera 6,5 millionar kilowatt-timar i året.

Klagene kjem frå Clemens Elvekraft på vegne av Eikekraft Kraft og høringsparten Uskedal Vassverk og dei gjeld særleg kor røyrgata skal gå.

Kraftverket vil utnytta fallet mellom kote 3230 og kote 5 for hovudalternativet og mellom kote 220 og kote 5 for alternativ 2. Den alternative vassvegen var planlagt vest for elva med kryssing av ho rett oppstrøms vassverket på kote 85.

Uskedal vassverk meinte at det ikkje var forsvarleg å leggja røyrgata aust for elva på grunn av mange djupe skjæringar., kryssing av mange bekkar og store inngrep. Dei vil i lang tid framover vera til stor fare med omsyn til forureining av reserveinntaket på kote 85, meinte vassverket.

CE sa i klagen sin at ho var begrunna med økonomiske, biologiske og naturmessige omsyn og ikkje minst med omsynet til vassverket.

NVE må vurdera fleire aspekter en dei som vert påpeika av berre ein part. Dei konstaterar at begge alternativ er økonomisk bærekraftige og kan ikkje sjå at det å leggja røyrgata aust for elva er det som veltar prosjektet. Røyrgata vert uansett lagt eit godt stykke frå elva - 50-200 meter - og avrenninga vil berre vera problematisk i anleggsfasen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen